

«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 03.01.2019  
Vår ref.: 2017/3307-14  
Saksbehandlar: rolrose  
Dykkar ref.: «REF»

«KONTAKT»

## Invitasjon til å søka om midlar til utvida TT-ordning.

Stortinget har vedteke å vidareføra ordninga med søkbare midlar til utvida TT-ordning for dei tunge brukargruppene. For 2019 er det løyvt 184,2 mill kr til ordninga, ein auke frå 112,9 mill kr i 2018. I brevet frå departementet, som fylgjer vedlagt, heiter det at departementet legg opp til å vidareføra løyvingane til dei 8 fylkeskommunane som alt er inne i ordninga. Det vil såleis vera ein avgrensa sum som er til rådvelde for nye søkjarar til ordninga.

Hordaland Fylkeskommune vil søkja om midlar for 2019, slik det er gjort dei føregåande åra. Me vil oppdatera grunnlagsdataene, og tek sikte på å søkja for alle tunge brukarar i Hordaland.

Fristen for å søkja om midlar er den 31. januar 2019, og me ber om tilbakemelding viss de har synspunkt og innspel til innretninga av søknaden vår.

Eventuelle synspunkt kan sendast på epost til:  
samferdsel@hfk.no

Rolf Rosenlund  
seksjonsleiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*